

STRATEGIPLAN 2013-2018

TURNGRUPPA

VISJON:

Turn gruppa skal ha eit variert tilbod som skal passa dei fleste, frå erfarne personar til personar som ynskjer å begynna å trenast. Treningane skal vera motiverande og gledes skapande, deltakarane skal også oppleva det å meistre og kjenna helsemessig framgang.

Aktivitet:

Turngruppa skal ha aktivitetar for barn og vaksne.

Barn:

- målet er å få minst 2 stabile barneparti.
- Barnetrimmen skal vera allsidig og motorisk utviklande, den skal gi barna utfordring og spenning, den skal gi barna eit grunnlag å byggja vidare på. Turn er den mest allsidige av alle idrettsgreiner, dette vil gi barnet den beste grunntreninga for alle idrettar.
- Eit anna mål for barnetrimmen er å få ei årleg turnoppvisning, dette for å laga ein arena der trimerane skal få moglegheit til å visa fram kva dei kan, og for å sørge for rekruttering til turngruppa.

Vaksne:

- Målet er å ha minst 2 varierte tilbod, slik at me skal få tilfredstilt ulike menneskjer sine ynskjer og vekkja lyste til å trenast.
- Me skal skapa eit godt treningsmiljø der variasjon, trenings glede og sunne haldningar til trening skal vera høgt prioritert.

Kompetanse:

- Instruktørar/trenera skal ha kompetanse innan sitt treningsområde, behovet for auka kompetanse/inspirasjon vil heiletida bli vurdert.
- Nye instruktørar i barnetrimmen skal få tilbod om hjelpetrener kurs.
- Me skal vera strenge på at instruktørar skal ha rette kurs ved bruk av trampett.

Styre:

Målet er å få etablert eit lite styre, der 2-3 aktive i turngruppa og 2 foreldre til barna i barnetrimmen er med. Dette ska bli gjort for å få innsyn i kva behov, ynskjer og kompetanse som finst rundt om i bygda. Det er og eit mål å få eit tettare samarbeid med ski gruppa og friidretten.

Økonomi:

Turngruppa har som mål å gå i pluss kvart år, men nokon investeringar må bli gjort.

Apparat parken i gymsalen er gammal og trengs å oppgraderast for å gi eit betre tilbod og for at ustyret skal vera meir barnevenleg. I tillegg skal det vera rom for nødvendige kurs og anna innkjøp for å forbetra trenings tilbodet.

På innkjøpslista står:

- rundblokk
- sprangkasse soft